



Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland har starta ein ny dansesesong på Helgheim og starten søndag for snart to veker sidan var svært vellukka. Det kom 26 frå heile Kvinnherad og det var også deltaking frå Odda, No håpar det danseglaude og entusiastiske paret at det kjem enda fleire søndag klokka 19.30.

Det er ikkje nødvendig å ta med noko å bite ti, det sørgar vertskapet for. dei sørgar også for litt instruksjon hvis nokon har problem med dansefoten.

Kåre og Jenny frå Husnes er i beredskap og kan hjelpa dei igang som treng litt assistanse i starten. Sist var det ingen som gjorde det. I denne sesongen er det ingen spesiell dans som blir prioritert framfor nokon annan.

Dansen held fram annankvar søndag utover vinteren. Biletet er frå start søndagen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen